Forvaltningsutvalet gir med heimel i Plan og Bygningslova §19-1 dispensasjon frå kommuneplan for frådeling av areal frå gnr 97 bnr 2 i samsvar med søknad dagsett 08.05.2018.

Forvaltningsutvalet gir med heimel i jordlova § 12 løyve til frådeling av 500 m2 slik det er søkt om, då delinga er vurdert å ikkje vere til ulempe for drift av hovudbruket.

Det frådelt arealet skal vere tillegg til gnr 97 bnr 8 og skal samanføyast med denne eigedomen.

Vedleggsliste:

Søknad om deling med vedlegg

Innspel ved høyring

Geologisk rapport

Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan

Saksopplysningar/fakta:

Vedlagt fylgjer saksdokumenta knytt til søknad om deling av eigedom på Straumshamn, tilleggsareal til gnr 97 bnr 8 frå gnr 97 bnr 2.

Eksisterande tomt vart frådelt allereie i 1929. Eigar er den same som eig hovudbruket 97/2.


Tomta er bygd på av eigar av hovudbruket, som hus nr 2 på garden.

Den frådelt tomte 97/8 har eit areal på 329 m2. Både del av huset og oppført garasje ligg utanfor tomtegrensa.

Det vert no søkt om tilleggsareal for å få rette opp desse grensene slik at garasjen blir liggande innanfor ny tomt, og slik at det kan bli etablert 4-m avstand til nabogrense for bustadhuset.

For området gjeld kommunedelplan Straumshamn/Fylsvik.

Området er i plan vist som LNF-område sone B, med høve til spreidd busetnad, på visse vilkår.



SONE B:

Innanfor desse områda kan det, dersom sektormyndet ikkje har innseilingar, tillatast bygg for næringsverksemd, spreidd fritids- og bustadbygging etter PBL §20-4 2.ledd, pkt c. For spreidd bustad- og fritidsbusetnad på to eller fleire einingar vert bebyggelsesplan kravd. Jordlova sine §§54 og 55 skal framleis gjelde.

Søknaden har vore sendt på høyring i samsvar med gjeldande sakshandsamingsreglar og det ligg føre fylgjande uttaler/innspeil:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal – 20.07.2018

Vi ser at omsøkt tomt ligg innanfor NVE sitt aktsemdskart for jord- og flaumskred. Tomta ligg derfor i eit potensielt skredfarleg område, og den reelle skredfaren må avklarast. Vi minner om at plan- og bygningslova § 28-1 seier at det berre kan byggjast på grunn, eller eigedom opprettast eller endrast, dersom det er tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold (vår understreking). For grunn som ikkje er tilstrekkeleg trygg, skal kommunen om naudsynt legge ned forbod mot oppretting eller endring av eigedom, eller stille krav som sikrar tilstrekkeleg tryggleik.

Før kommunen eventuelt gjer eit positivt vedtak om dispensasjon må det dokumenterast at området fyller krava til tryggleik mot skred, jf. byggtেকnisk forskrift (TEK17) § 7-3. Om naudsynt må dispensasjonen inkludere avbøtande tiltak som gjer tomte trygg. Dersom dette ikkje blir gjort vil vi vurdere å klage på eit eventuelt positivt vedtak om dispensasjon.

Møre og Romsdal fylkeskommune - 07.08.2018

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen særskilte merknader.

Statens vegvesen - 8.08.2018

Avstand frå bustadhus til vegmidte riksveg 651 er om lag 24m og blir ikkje endra.

Statens vegvesen har ut frå sitt sektoransvar ingen merknad til at det blir dispensert frå gjeldande kommuneplanens arealdel for omsøkt føremål.

Landbrukskontoret Ørsta Volda - 08.08.2018

Tilråding til vedtak - Frådeling etter jordlova § 12:

Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 08.05.2018, frå Sjur Straume, eigar av gnr 97 bnr 2. Det vert søkt om frådeling av 500 m2 som skal leggjast til gnr 97 bnr 8.

Med heimel i jordlova § 12 gir Forvaltningsutvalet løyve til frådeling av 500 m2 slik det er søkt om. Grunngevinga er at delinga ikkje vil vere til ulempe for drift av hovudbruket.

NVE fråsegn 3.07.2018:

NVE viser til at området er dekket av aktsemdskartet for jord- og flaumskred, jf. [NVE Atlas](#) og såleis ligg innanfor område med potensiell fare. Volda kommune må vurdere dispensasjonen opp mot føresegnene i Plan- og bygningslova (PBL) § 28-1 og Byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-3.

Kravet til tryggleik mot skred gjeld også ved deling eller endring av eigedom.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har gjeve ei tolkingsuttale datert 06.10.2015 til Ørsta kommune som gjeld søknad om frådeling i fareområde. Av denne går det fram at det ikkje er eit generelt unntak etter PBL § 28-1 for frådeling av tomt omkring eksisterande bustad. Brevet frå KMD ligg vedlagt.

Ut frå dette vil det vere naudsynt for søkar å dokumentere at tryggleiken er tilstrekkeleg, jf. TEK17 § 7-3. NVE rår frå å dele eigedomen før slik dokumentasjon ligg føre.

Vurdering og konklusjon:

Med grunnlag i innspel frå Fylkesmannen og NVE er søkjar kontakta av kommunen og det er sett krav o dokumentasjon i høve til gjeldande faresonekart for jord og flomskred, før vidare handsaming av dispensasjon/delesak.

Tilbakemelding ligg no føre ved tilsendt e-post den 18.12.2018, vedlagt geologisk rapport frå Breiteig Fjordsenter.

Rapporten tilseier at omsøkt eigedom har tilstrekkeleg tryggleik i høve til mogeleg jord og flomskred til at søknaden kan imøtekomast.

Søknaden er elles ikkje i konflikt med andre interesser, jf. fråsegn ved høyring, og søknaden vert tilrådd godkjent.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen vesentlege.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen for kommunal økonomi

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen endringar.

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Til søkjar.

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal Fylkeskommune
NVE
Statens Vegvesen
Landbrukskontoret Ørsta-Volda
Volda kommune- Teknisk sektor.
Utvikling

Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, bokstav m og § 20-2, samt lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt.
Ved plassmangel, lag eige vedlegg

Søknaden sendast:

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Plass for kommunen sitt stempel

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 18/983	Avd: LTV
Løpenr:	Sl: Bjørn
11 MAI 2018	
Arkivdel: Bygg	
Klassering P:	
Klassering S:	

Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom:

Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr. Bnr. Fnr. Seksj.nr.
97 2.
Sjur Strømme
Underskrift:
for Sjur Strømme
Eldrid Strømme

Søknaden/rekvisisjonen gjeld:

- ☒ Deling og oppmålingsforretning
☐ Oppretting av festetomt
☐ Oppretting av punktfeste
☐ Anna: (spesifiser) _____
☒ Disposisjon (disposisjonssøknad skal grunngjevast på eige ark)

Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål	Sjølvtendig brukseining	Tilleggsparcell	Tilleggsparcell til gnr/bnr.	
1	ca 500	m ²	☐	☒	Gnr.	Bnr. 97/8
2		m ²	☐	☐	Gnr.	Bnr.
3		m ²	☐	☐	Gnr.	Bnr.
4		m ²	☐	☐	Gnr.	Bnr.
5		m ²	☐	☐	Gnr.	Bnr.
6		m ²	☐	☐	Gnr.	Bnr.

Arealdisponering

☐ Kommunedelplan ☐ Reguleringsplan ☐ Bebyggelsesplan

Namn på plan:


Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for restparcell

Avstandar

Går det høgsptent kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta? ☒ Nei ☐ Ja, avstand: ... m Dersom ja, må ein legge ved ei nærare utgreiing/avklaring med ledningseigar om dette
Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta? ☐ Nei ☐ Ja, avstand: m

Krav til byggegrunn (pbl § 28-1 og §§ TEK10 7-2 og 7-3)	
Er tiltaket plassert i flomutsatt område? ☐ Nei ☒ Ja, angi sikkerhetsklasse	☐ F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/20 år ☐ F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år ☐ F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år
Er tiltaket plassert i skredutsatt område? ☐ Nei ☐ Ja, angi sikkerhetsklasse	☐ F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/20 år ☐ F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år ☐ F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år
Andre natur- og miljøtilhøve? ☐ Nei ☐ Ja, dersom ja, beskriv kompenserende tiltak i eige vedlegg	
Tilkomst - jf. pbl § 27-4 og veglova §§ 40-43	
Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå? ☐ Riksveg ☐ Fylkesveg ☐ Kommunal veg ☒ Privat veg	
Ny avkøyrsløse eller utvida bruk av eksisterande? ☐ Ny avkøyrsløse frå offentleg veg (plan må vedleggast) ☐ Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse	Dersom delinga betingar vegrett over privat grunn, må dokumentasjon vedrørende dette leggjast ved.
Er løyve til avkøyrsløse gitt? ☐ Ja ☐ Nei	
Vassforsyning og avløp - jf. pbl §§ 27-1 og 27-2	
Offentleg vassverk: ☒ Ja ☐ Nei Offentleg avløpsanlegg: ☐ Ja ☒ Nei Privat vassverk: ☐ Ja ☐ Nei Privat avløpsanlegg: ☒ Ja ☐ Nei	For tilknytning til privat felles vassverk og avløpsanlegg må løyve til å vere tilknytt og til å kunne gjere naudsynt vedlikehald på anlegget, vedleggast. Dersom det ikkje er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggjast ved denne søknaden.
Vedlegg	
Vedl. nr.: Beskrivelse	Vedl. nr.: Beskrivelse
1 ☒ Kart/situasjonsplan 2 ☐ Gjenpart av nabovarsel 3 ☒ Dispensasjonssøknad 4 ☐ Fråsegn, samtykke, løyve 5 ☒ Andre vedlegg	Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan belyse saka.
Underskrift av søkjar/rekvirent	
Dato Volda 08.05.18	Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar) Sjur Oddvar Strømme
Adresse Hagen 14.	Rekvirenten si underskrift Eldrid Strømme
E-postadresse estraume@tussa.com	Postnr/stad 6104. Volda.
	Telefon 95218956
Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av	
Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut korrekt, vil faktura verte sendt rekvirent)	
Dato 8/5-18	Betalar sitt namn med blokkbokstavar For Sjur Oddvar Strømme Eldrid Strømme
Adresse Hagen 14,	Betalar si underskrift Eldrid Strømme
	Postnr/stad 6104. Volda



Looking N.



Eldrid Straume
Hagen 14

6104 VOLDA

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/983	12254/2018	97/2	UTV/ PERHEL	06.09.2018

**GBR 97/2 - DELING OG OPPMÅLINGSFORRETNING. AVKLARING I HØVE
FLOMFARE.**

Eg viser til vårt brev av 6.07.2018, førebels tilbakemelding.
Dykkar søknad vart sendt på høyring til fylkesmannen, fylkeskommunen, vegvesenet og
NVE m. fl.
Kopi av innspel ved høyring ligg ved.

Av høyringsuttaler er det avklara at delinga er akseptert sett i høve til landbruk, og med
omsyn til tilkomst frå riksvegen, og at den ikkje er i strid med natur, kultur eller
friluftsomsyn.

I uttale frå NVE og Fylkesmannen vert det vist til at ut frå NVE sine faresonekart ligg
eigedomen i område med potensiell fare for jord eller flaumskred.
Volda kommune må difor vurdere dispensasjonen opp mot føresegnene i Plan- og
byggningslova (PBL) § 28-1 og Byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3.
Ut frå dette vil det vere naudsynt at søkar dokumenterer at tryggleiken er tilstrekkeleg, jf.
TEK17 § 7-3, før kommunen eventuelt kan gjere eit positivt vedtak om dispensasjon.
Vidare handsaming av saka vert såleis ikkje gjort før slik naudsynt avklaring/dokumentasjon
ligg føre.

Har de spørsmål til saka ta gjerne kontakt.

Med helsing

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Per Heltne
fagansvarleg, plan




Breiteig Fjordsenter

Adresse: Breiteig, 6141 Rovde

Telefon: 908 51 729

E-post: post@breiteig-fjordsenter.no

Orgnr: 991704892 mva



Geologisk vurdering

Gnr 97 Bnr 8

Straume

Volda kommune

Desember 2018



1. Innledning.....	3
2. Krav/metodikk.....	5
3. Analyse: Kart og satellittdata	5
4. Historisk kildemateriale/ kunnskap fra lokalbefolkningen	8
5. Meteorologiske data	9
6. Jord- og flomskred	10
7. Oppsummering - Skredfare vurdert for tomt på eiendom 97/8 i Volda kommune, ved kartanalyse, flyfotoanalyse og feltbefaring.	14
8. Konklusjon	16

1. Innledning

I forbindelse med søknad om fradeling av tomt fra gbnr 97/8 på Straume i Volda kommune, har Breiteig Fjordsenter, på oppdrag fra Eldrid Straume, vurdert skredfare og flomfare. Arealet er vurdert i forhold til sikkerhetsklasse S2, § 7-3 TEK 17. Arealet er i tillegg vurdert i forhold til flomfareklasse F2, § 7-2 til TEK 17.


Aktsomhetskart for snøskred og steinsprang viser tomten utenfor modellert fare. Dette er verifisert i felt.

Jord- og flomskred (Aktsomhetskart SkredAtlas) viser modellert fare for tomten.

Rapporten verifiserer potensiell fare for jordskred og flomskred, samt vurdering av stabilitet for massene i området. Det er gjennomført kartanalyse og terrenganalyse av eksisterende grunnkart og satellittdata. Det er gjennomført befaring av området – med fokus på Straumeelva - sammen med oppdragsgiver.



Figur 1 Lokasjonen ved Straume i Volda kommune (Kartverket)



Figur 2 Lokalisering av tomt på gbnr 97/8 på Straume i Volda kommune (Norkart)




Figur 3 Ortofoto (Norkart)

2. Krav/metodikk

Vurdering og konklusjon i denne rapporten responderer kravene som stilles i NVE sine **Retningslinjer nr. 2/2011**, som omhandler forhold rundt **Flaum- og skredfare i arealplanar**.


Krav til tryggleik for byggverk og tilhøyrande uteareal mot naturpåkjenningar er gitt i byggeteknisk forskrift (TEK17). Tryggleikskrava er nærmare beskrivne og tolka i rettleinga til forskrifta på heimesidene til Statens bygningstekniske etat (www.be.no). Når ein planlegg areal med sikte på utbygging, må det takast omsyn til tryggleikskrava, først og fremst ved å unngå utbygging i område som ikkje har god nok tryggleik mot naturfarar. Dersom kommunen likevel vel å planleggje utbygging i fareutsette område, må kommunen vurdere korleis ein kan oppnå god nok tryggleik for busetnaden, og gi føresegner som tek vare på tryggleiken, f.eks. krav om risikoreduserande tiltak. Eventuelle sikringstiltak må dimensjonerast slik at tryggleikskrava i byggeteknisk forskrift blir oppfylte.

3. Analyse: Kart og satellittdata




Figur 4 Grunnkart (Kartverket)


Det er utført kart- og terrenganalyse basert på grunnkart (figur 4), helningskart (figur 5,6), skyggekart (figur 7), satellittdata (figur 8) og historisk flyfoto (figur 9).



Figur 5 Helningskart (Skredatlas) viser område, ca. 30 moh. (Kartverket)



Figur 6 Helningskart på Ortofoto (kartverket)



Figur 7 Skyggekart som gir godt innblikk i elveløp, skredvifter etc... (Kartverket)

Satelittdata

Det er utført terrenganalyse ved hjelp av studier av flyfoto/skråfoto tilgjengelig gjennom <http://www.geodata.no>




Figur 8 Området sett fra luften. (Norkart)

4. Historisk kildemateriale/ kunnskap fra lokalbefolkningen

Ingen spor etter aktive skred/fonner vises på historiske foto. Det er ikke registrert historisk skred.

Lokalbefolkningen kjenner ikke til skredaktivitet eller flom mot det vurderte arealet.



Figur 9 Historisk foto 1965 viser samme elveløp og forhold i terrenget som i dag. (Norkart)

5. Meteorologiske data

Lokaliteten har et markert vestlandsk kystklima og er sterkt dominert av mildvær gjennom vinteren. Dominerende vindretning er fra SV og NØ.

Vindrose, frekvensfordeling av vind

Vindretning delt inn i sektorer på 30°

Frekvensfordeling av vindfart i prosent %

Vindfart (m/s)

- > 20.2
- 15.3-20.2
- 10.3-15.2
- 5.3-10.2
- 0.3-5.2

Stille (%)

15




År: 2007 - 2016

jan, feb, mar, apr, mai, jun, jul, aug, sep, okt, nov, des


Tidspunkt: 0, 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 15, 16, 17, 18, 19, 20, 21, 22, 23 (NMT)

59680 ØRSTA-VOLDA LUFTHAMN




Figur 10 Vindrose.


6. Jord- og flomskred




Figur 11 Aktsomhetskart (SkredAtlas) for jord- og flomskred viser arealet i modellert aktsomhetsområde. (NVE)



Figur 12 Kvartærgeologiske kart 1:250 000, NGU, viser arealet lokalisert i område med tynt morenedekke.



Figur 13 Elveløp tilknyttet det vurderte arealet. Lokaliteten tilfredsstiller sikkerhetsklasse F2, jfr. Sikkerhetskrav til sikkerhetsklasser for flom, hvor kravet er største nominelle årlige sannsynlighet mindre enn 1/20. (NVE)



Figur 14 Ortofoto med elveløp markert. Ekstra bekkefar fra Straumeelva og til elva ved Årvik er markert med stiplet linje. Pilene markerer områder for mulig overløp. (NVE/Kartverket)



Figur 15 Elveløp som viser området oppover fra rød pil figur 14. Godt definert i fjellet. Tynt morenelag med blokker i området rundt. Blokker i elveløpet. Ingen erosjonsfare.



Figur 16 Elveløp nedover langs fjellet fra gul pil på figur 14



Figur 17 Bekkefareet med utløp til sidebekk - rød pil figur 14. Liggende gul pil viser hovedløp – stående gul pil viser avlastningsløp som kommer sammen med hovedløp lenger ned i terrenget. Store blokker stabilisere og definere elveløpet.



Figur 18 Sidebekk østover mot Årvika. Avlaster hovedløp ved høy vannføring.

7. Oppsummering - Skredfare vurdert for tomt på gbnr 97/8 i Volda kommune.

Ut fra modellering i aktsomhetskartene til NGU og ved feltobservasjoner er det ikke funnet grunnlag for ytterligere å vurdere fare for snøskred eller steinsprang ved den aktuelle tomten på eiendommen.

Når det gjelder fareareal i aktsomhetskart jordskred- og flomskred, er flom og flomskred langs Straumeelva den sannsynlige faren.

Skredfarevurderingen tar hensyn til grenseverdiene for skred i § 7-3 til TEK 17:

Sikkerhetsklasse S2 omfatter tiltak der et skred vil føre til middels konsekvenser. Dette kan eksempelvis være byggverk der det normalt oppholder seg maksimum 25 personer og/eller der det er middels økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvenser.

Eksempler på byggverk som kan inngå i denne sikkerhetsklassen er enebolig, tomannsbolig og eneboliger i kjede/rekkehus/boligblokk/fritidsbolig med maksimum 10 boenheter Tabell: *Sikkerhetsklasser ved plassering av byggverk i skredfareområde*

Sikkerhetsklasse for skred	Konsekvens	Største nominelle årlige sannsynlighet
S1	liten	1/100
S2	middels	1/1000
S3	stor	1/5000

TEK 17, veileder: *Tilfredsstillende sikkerhet mot skred er angitt som en største nominell årlig sannsynlighet for skred. Sannsynligheten i tabellen angir den årlige sannsynligheten for skredskader av betydning, dvs. skred med intensitet som kan medføre fare for liv og helse og/eller større materielle skader. Dette innebærer at en for de fleste skredtyper kan redusere utløpsområdet i forhold til det maksimale utløp til skred med den aktuelle sannsynligheten.*

Flomfarevurderingen tar hensyn til grenseverdiene til flom i § 7-2 til TEK 17:

Tabell: Sikkerhetsklasser for byggverk i flomutsatt område

Sikkerhetsklasse for flom	Konsekvens	Største nominelle årlige sannsynlighet
F1	liten	1/20
F2	middels	1/200
F3	stor	1/1000

Flomfare

Den vurderte arealet ligger ca. 200 meter unna elveløpet i Straumeelva. Det vurderes som lite sannsynlig at flom vil påvirke det vurderte arealet. Historikk viser at ved flom har vannmassen holdt seg i det definerte elveløpet. Avlastning av elveløpet i det flatere partiet fører vannet østover til Årvika.

Kun overflatevann i beskjedne mengder har kommet ned fra siden og mot tomten.

Nominelle sannsynlighet for at lokasjonen skal påvirkes av flom vurderes som mindre enn 1/20 pr.år.

Massestabilitet

En helhetlig vurdering av fare for jordskred og flomskred bygger på studie av elveløp, sedimenter langs elveløpet, topografiske trekk nedover mot tomten, historiske utvikling definert på skyggekart og til siste lokal kunnskap og erfaringer med kilder mange generasjoner tilbake.

Fare for jord- og flomskred knyttes til elveløpet av Straumeelva. Elveløpet ligger definert i forsenkninger langs fjellet. En del blokker fra morenemassene langs elveløpet er med på å definere og stabilisere løpet. Avlastningsløp finnes både som sideløp til hovedløpet og som sidebekker bort fra hovedløpet - sidebekk østover til Årvika og et par andre og mindre bekker østover. Sidebekkene har utspring fra hovedelva i et relativt flatt parti.

Jordskred og flomskred er to forskjellige typer skred med ulike bevegelsesmønster – men kan være vanskelig å skille imellom i tilfeller hvor jordskred følger forsenkninger med mye vann tilstede.

Jordskred løser ut ved helninger over 25°, og gjerne i forsenkninger i terrenget hvor vannporetrykket øker i perioder med mye nedbør. Helningen i det modellerte løsningsområdet ligger under rasvinkel og ut fra topografiske trekk og at det er en meget tynn moreneavsetning med god drenering og høye skjærkrefter.

Det vurderes som mindre sannsynlig at jordskred løses ut i det modellerte arealet.

Flomskred kan løsne på helninger ned mot 10°, og følger som regel elveløpet.

Erosjon i løsningsområdet er prosessen med mest tyngde og volumet som løser ut definerer ofte det meste av volumet i skredet. Flomskred legger oftest igjen rygger på sidene av elveløpet.

Ved gjentatte flomskred vil vifter sannsynlig bygge seg opp i områder hvor terrenget flater ut. Et flomskred som eroderer ut av elveleiet i partiet hvor sidebekkene østover har sitt utløp – vil avsette vifter i det flatere partiet. Inger viftespor er registrert.

Ingen synlige tegn i terrenget eller på kart/skyggekart som tyder på at historiske flomskred – ut over mindre erosjon langs eksisterende elveløp.

Nominell sannsynlighet for at tomten skal påvirkes av flomskred vurderes som mindre enn 10⁻³ pr.år.

8. Konklusjon

Vurderingen omfatter skredfare og flomfare for tomt med tilhørende bolig som skal fradeles gbnr 97/8 på Straume i Volda kommune.

Konklusjonen bygger på vurdering av faresonskart snøskred//steinsprang, løsmassekart, aktsomhetskrav for jord- og flomskred, bratthetskart/ topografisk kart, flyfoto, geofaglig besiktigelse av området, historisk informasjon og dialog med oppdragsgiver.

Ut fra en geofaglig vurdering har det vurderte arealet en akseptabel risiko. Nominelle sannsynlighet for en hendelse knyttet til jord- og flomskred/flom, vurderes til å tilfredsstillende klasse S2 i TEK 17 § 7-3 og F2 TEK 17 §7-2.

Breiteig Fjordsenter 11.12.2018



Arne Sandnes

Geolog/cand. Scient

Breiteig Fjordsenter

Sidemannskontroll 20.12.2018



Runar Sandnes (cand.mag.)

Eldrid Straume
Hagen 14
6104 Volda

08.05.18

Til Volda Kommune

Søknad om dispensasjon frå Kommuneplan

Ein viser til søknad om deling av tilleggsparsell ca 500 kvadratm. Frå Gnr.97/2 Andersgarden, til Gnr 97/8 « Hageheim»

Hustomta var fråskilt garden i 1929 med eit areal på ca 350 kvadratm. Det er såleis knapt med areal rundt huset.

Ein ynskjer no å utvide arealet slik at tomte blir meir tenleg med litt hage, parkering ol. Etter dagens standard. Dette ynskjer ein å få i orden før salg av huset.

Vanleg grensejustering ,5%, vil ikkje gi så stort utslag på ei så lita tomt, vonar difor at søknaden blir imøtekommen.

Mvh.
for Sjur Oddvar Straume

Eldrid Straume
verge



VOLDA KOMMUNE

Utvikling

Møre og Romsdal Fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
NVE
Statens Vegvesen
Landbrukskontoret Ørsta-Volda
Volda kommune- Teknisk sektor.


Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2018/983	9255/2018	97/2	UTV/ PERHEL	29.06.2018

GBR 97/2 - DELING OG OPPMÅLINGSFORRETNING. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEDELPLAN STRAUMSHAMN/FYLSEVIK.

Vedlagt fylgjer saksdokumenta knytt til søknad om deling av eigedom på Straumshamn, tilleggssareal til gnr 97 bnr 8 frå gnr 97 bnr 2.
Eksisterande tomt vart frådelt allereie i 1929. Eigar er den same som eig hovudbruket 97/2. Tomta er bygd på av eigar av hovudbruket, som hus nr 2 på garden.

Den frådelte tomte 97/8 har eit areal på 329 m². Både del av huset og oppført garasje ligg utanfor tomtegrensa.
Det vert no søkt om tilleggssareal for å få rette opp desse grensene slik at garasjen blir liggande innanfor ny tomt, og det vert etablert 4-m avstand til nabogrense for bustadhuset.

For området gjeld kommunedelplan Straumshamn/Fylsevik.
Området er i plan vist som LNF-område sone B, med høve til spreidd busetnad, på visse vilkår.



SONE B:

Innanfor desse områda kan det, dersom sektormyndet ikkje har innsegnar, tillatast bygg for næringsverksemd, spreidd fritids- og bustadbygging etter PBL §20-4 2.ledd, pkt c. For spreidd bustad- og fritidsbusetnad på to eller fleire einingar vert bebyggelsesplan kravd. Jordlova sine §§54 og 55 skal framleis gjelde.

Kommunen er i utgangspunktet positive til ei frådeling som omsøkt, og ser ikkje at delinga vil ha vesentlege ulemper sett i høve til landbruk, natur, kultur eller friluftssyn.

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
	Telefon: 70058717	Org. nr: 939 760 946
	Telefaks:	Bankgiro:

Ut frå Statens naturskadefond/NGI sine faresonekart – Volda 1119 II, 1989, er ikkje tomte utsett for skred eller flaum.

Eigedomen har etablert eige godkjent avlaupsløysing med slamavskiljar og utslepp til sjø. Eigedomen er gitt avkøyrsløyve til riksvegen.

Før vidare handsaming, vert saka sendt dykk for uttale.

Frist for merknad/innspel vert sett til 12.08.2018.

Med helsing

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Per Heltne
fagansvarleg, plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



250 m

66
250 m

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Vår dato: 03.07.2018
Vår ref.: 201836420-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 29.06.2018
Dykkar ref.: 2018/983

Sakshandsamar:
Ole-Jakob Sande

NVE si fråsegn - Søknad om dispensasjon frå kommuneplan - GBnr 97/2 - Deling av eigedom som tilleggsareal til bustadeigedom - Straumshamn - Volda kommune

Viser til brev datert 29.06.2018. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommunedelplan Straumshamn/Fylsvik for frådeling av tilleggsareal til eksisterande bustadeigedom.

Kommunen viser til at tomte ligg i område som ikkje er utsett for skred eller flaum, og viser til aktsemdskart for snøskred og steinsprang (NGI). NVE viser til at området er dekkja av aktsemdskartet for jord- og flaumskred, jf. [NVE Atlas](#) og såleis ligg innanfor område med potensiell fare. Volda kommune må vurdere dispensasjonen opp mot føresegnene i Plan- og bygningslova (PBL) § 28-1 og Byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3.

Kravet til tryggleik mot skred gjeld også ved deling eller endring av eigedom. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har gjeve ei tolkingsuttale datert 06.10.2015 til Ørsta kommune som gjeld søknad om frådeling i fareområde. Av denne går det fram at det ikkje er eit generelt unntak etter PBL § 28-1 for frådeling av tomt omkring eksisterande bustad. Brevet frå KMD ligg vedlagt.

Ut frå dette vil det vere naudsynt for søkar å dokumentere at tryggleiken er tilstrekkeleg, jf. TEK17 § 7-3. NVE rår frå å dele eigedomen før slik dokumentasjon ligg føre.

Med helsing

Siss-May Edvardsen
fung. regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ørsta kommune
Dalevegen 6
6153 ØRSTA

Dykkar ref
2015/1132

Vår ref
15/3058-7

Dato
06.10.2015

Fråsegn om plan- og bygningslova § 28 -1 fyrste ledd - Søknad om frådeling til bustad i fareområde

Departementet syner til brev av 26. juni 2015 frå Ørsta kommune. Kommunen har oppmoda om ei prinsipiell vurdering av problemstillingar knytt til plan- og bygningslova (pbl.) § 28-1.

Brevet har si bakgrunn i handsaminga av to søknader om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel (LNF) for frådeling av tomt omkring eksisterande bustad som ligg i eit skredfarleg område.

Slik vi forstår det, er kommunen og Fylkesmannen i Møre og Romsdal samde om at pbl. § 28-1 fyrste ledd gjeld både på tidspunktet for bygging og frådeling. Kommunen har lagt til grunn at ved frådeling må det dokumenterast at tryggleiken er tilstrekkeleg i høve det føremål det vert frådelt til. Det syns derimot å vere usemje mellom kommunen og Fylkesmannen om pbl. § 28-1 fyrste ledd gjeld ved frådeling av tomt omkring eksisterande bustad. Kommunen meiner at ein ikkje legg til rette for ny utbygging ut over det som allereie vil gjelde for bygget som står der. Etter deira oppfatning stadfestar såleis løyve til frådeling berre eksisterande situasjon.

Presisering av problemstillinga i saka

Slik vi forstår kommunen er det i fyrste rekkje spørsmålet om pbl. § 28-1 fyrste ledd gjeld ved frådeling av tomt omkring eksisterande bustad som ligg i eit skredfarleg område, kommunen ynskjer svar på.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
NO-0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
<http://www.kmd.dep.no/>

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Bolig- og
byggningsavdelingen

Saksbehandler
Else-Karin Øvernes
22249090

Vi vil óg kommentere øvrige merknader frå kommunen, medrekna om pbl. § 28-1 kan ha tilbakeverkande kraft ved frådelling, sjå punkt 2.6, og i kva grad omsynet til verditap er relevant å leggje vekt på, sjå punkt 3.2.

DEPARTEMENTET SI VURDERING

Departementet gjer kort merksam på at omgrepet "frådelling" er erstatta med "oppretting og endring av eigedom", sjå til dømes pbl. §§ 1-6 fyrste ledd, 20-1 fyrste ledd bokstav m, 26-1 og 28-1 fyrste ledd. Årsaka til dette er endringar i lov om eigedomsregistrering. Endringa inneber likevel ikkje noko realitetsendring. Vi vil difor nytte omgrepet frådelling i svaret vårt.

1. FRÅDELING ER AVHENGIG AV LØYVE OG MÅ IKKJE VERE I STRID MED LOV, FORSKRIFT ELLER PLAN

Frådelling eller endring av eigedom er avhengig av søknad og løyve etter pbl. § 20-2 jf. § 20-1 fyrste ledd bokstav m. Føremålet med å krevje søknad er mellom anna å gje kommunen høve til å kontrollere at deling ikke kjem i strid med plan- og bygningslova eller føresegn som er gitt i medhald av lova (forskrift og plan), jf. pbl. § 26-1. Kommunen får óg høve til å sjå til at det ikkje blir oppretta tomter som ikkje er eigna for å byggjast på som følgje av storleik, form eller plassering.

Det er fleire materielle krav som vil gjelde ved frådelling, til dømes:

- § 27-2 om bortleiing av avløpsvatn,
- § 27-4 krav om sikra lovleg atkomst til veg som er open for alminneleg ferdsel,
- § 29-4 om høgde til bygning og avstand til nabogrense,
- § 28-1 fyrste ledd som krev at det er tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøtilhøve og
- § 28-7 andre ledd om krav til uteareal.

Avslag på søknad om frådelling kan altså berre bli gjeve om eit løyve vil føre til at det oppstår tilhøve som er i strid mot plan- og bygningslova, forskrift eller plan, jf. pbl. 26-1. Løyve til frådelling vil då vere avhengig av dispensasjon.

2. NÆRARE OM TILHØVE TIL PLAN

2.1 Kort om status for området

Dei to tomtene det er søkt om frådelling for ligg i eit område som i kommuneplanen er avsatt til LNF. Kommunen har eit faresonekart frå 1989 som syner at store deler av Ørsta kommune er vurdert som potensielt skredfarleg. Kommunen har opplyst at dei ikkje har oversikt over kor mange bygningar som ligg i potensielt skredfarleg område. Som del av nasjonal skredfarekartlegging i Ørsta, som nyleg er avslutta, er detaljerte faresoner fastsett for fire område. I desse områda seier kommunen at det ligg om lag 300 bustadhus innanfor tryggingssklasse 2. Dette betyr at for nye bygg (til dømes einestad, fritidsbustad, driftsbygg) skal største nominelle årlege sjanse for skred vere mindre enn 1/1000, altså mindre enn eit skred i løpet av tusen år.

2.2 Kommunene har eit særskilt ansvar for å ta omsyn til tryggleik mot naturskade i arealplanlegginga

Kommunene har ansvar for å ta omsyn til tryggleik mot naturskade i arealplanlegging og ved handsaminga av byggjesaker. Departementet vil understreke at det er viktig å vere føre-var når det gjeld å forebyggje mot flaum eller skred. Der tidlegare godkjent plan har opna for bygging i fareområde, bør kommunen ta planen opp til revisjon. Kommunen kan omregulere eller gje planføresegner for å minske faren.

2.3 Frådeling og bruksendring i strid med plan krev dispensasjon

Slik vi forstår det, er det søkt om dispensasjon fra føremål "LNF" til føremål "bustad". Løyve til frådeling av tomt med eksisterande bygningar i LNF-område er som utgangspunkt betinga av at både tomte og bygningen er meint brukt til drift som ligg innanfor LNF-omgrepet. Å frådele tomt til annan bruk, til dømes bustad eller fritidsbustad, vil stride mot LNF-føremålet. Det vil då vere naudsynt å søke dispensasjon frå planføremålet, jf. pbl. 19-2, eventuelt må kommunen endre planføremålet.

Det er uklart for departementet om bustaden som står på tomte det er søkt om frådeling for, i si tid blei søkt om og ført opp som våningshus/kårbustad eller som vanleg bustad. Frådeling av våningshus/kårbustad, vil kunne opne for fritt salg og at bustaden blir nytta av andre enn dei som driv garden. Vi gjer kommunen merksam på at endring av bruken til bustad for andre enn dei som driv garden, vil vere ei bruksendring i strid med plan. Slik endring vil krevje både søknad om bruksendring og dispensasjon frå plan, sjå til dømes side 74 i T-1491 Kommuneplanens arealdel:

"Fradeling av bygninger i landbruket

Fradeling av bygninger og formål som ledd i landbruk er i samsvar med planen. Slike fradelinger kan likevel gå inn under jordloven § 12. Fradeling av byggetomter til annet formål enn landbruk vil være i strid med planen. Også deling av bebygde tomter er i strid med LNF(R)-formålet i arealdelen når delingen forutsetter eller fremstår som ledd i bruksendring til annet formål. For eksempel vil fradeling av tomt med eksisterende landbruksbebyggelse, for eksempel kårbolig, seterhus og lignende til annen bruk, være i strid med LNF(R)-formålet." (vår understreking)

Vi har lagt ved ei nyare fråsegn som gjeld dispensasjon for frådeling og bygging i LNF-område til orientering.

2.4 Plan- og bygningslova § 28-1 fyrste ledd famnar vidt

Plan- og bygningslova § 28-1 fyrste ledd lyd:

"Grunn kan bare bebygges, eller eiendom opprettes eller endres, dersom det er tilstrekkelig sikkerhet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur- eller miljøforhold. Det samme gjelder for grunn som utsettes for fare eller vesentlig ulempe som følge av tiltak."

Plan- og bygningslova § 28-1 er nærare presisert i byggt teknisk forskrift (TEK10) kapittel 7.

Hovudføremålet med § 28-1 er å sikre mot tap av liv/skade på menneske, men skal óg hindre større materielle tap. Plan- og bygningslova § 28-1 gjeld generelt og famnar vidt:

- *Den gjeld alle typer tiltak – og dei som er unntatt krav om søknad*

Kravet til tryggleik gjeld uavhengig av om tiltaket er søknadspliktig eller unntatt frå krav om søknad. Omgrepet "bebygges" som blir nytta i pbl. § 28-1 fyrste ledd gjeld eitkvart tiltak etter plan- og bygningslova, til dømes tilbygg, påbygg, garasje, driftsbygningar, kaianlegg med meir, sjå punkt 4.2 i rundskriv T-5/97 Fareområder.

Frådeling av eigedom er særskild nemnt i pbl. § 28-1 fyrste ledd.

Alle tiltak må uavhengig av storleik og sakstype vere i samsvar med krav i plan- og bygningslova, medrekna kravet til tilstrekkeleg trygg byggjegrunn.

- *Den gjeld for tiltak på bygg i etablerte byggjeområde*

Plan- og bygningslova § 28-1 fyrste ledd gjeld òg for søknadspliktige tiltak på eksisterande bygg, til dømes tilbygg, påbygg, vesentleg reparasjon/hovudombygging og bruksendring¹, jf. pbl. § 31-2 jf. § 20-2.

Departementet gjer merksam på at hovudombygging er vurdert på lik linje som nyoppføring av bygg. Bruksendring av til dømes naust til fritidsbustad likeså. Kommunen kan på visse vilkår fråvike tekniske krav, jf. pbl. § 31-2 fjerde ledd.

- *Den gjeld uavhengig av om området er regulert eller uregulert*

Plan- og bygningslova § 28-1 fyrste ledd gjeld uavhengig av om området er regulert eller uregulert, og uavhengig av om tomte er bygd ut eller ikkje. Ligg det føre ny kunnskap om fare for skred eller flaum, el.l., kan ikkje tiltakshavar gjere planen gjeldande som grunnlag for å utføre tiltak i strid med pbl. § 28-1.

2.5 Kommunen si plikt til å vurdere pbl. § 28-1 fyrste ledd slår inn når dei får inn søknad om tiltak

Når kommunen får ein søknad om tiltak har dei plikt til å vurdere pbl. § 28-1 fyrste ledd. Det går klart fram av pbl. § 28-1 fyrste ledd at dette òg gjeld ved søknad om frådeling. Dersom kommunen har konkret kunnskap om fare eller ulempe som er omfatta av § 28-1 fyrste ledd, skal dei krevje sikringstiltak, eller avslå søknad om løyve viss sikring ikkje er mogleg.

Det er tiltakshavar som har ansvar for å dokumentere at det likevel ikkje ligg føre fare, eller at det er mogleg å motverke faren gjennom sikringstiltak, jf. SAK10 § 5-4 nr. 1 og nr. 3 bokstav g jf. pbl. § 21-2 fyrste ledd.

Det er naudsynt for kommunen å få inn denne dokumentasjonen ved einkvar søknad om løyve, jf. pbl. §§ 21-2 fyrste ledd og 21-4 fyrste ledd. Vi syner til kommunen si plikt til å sørgje for at ein sak er så godt opplyst som mogleg, jf. forvaltningslova § 17. Det er ikkje heimel til å sjå bort frå eller dispensere frå kravet til dokumentasjon. Får ikkje kommunen denne dokumentasjonen, kan dei heller ikkje handsame søknaden eller gje løyve. Departementet syner til sak 05/2730² som gjaldt klage på oppheving av løyve til frådeling av bustadtomt:

¹ Sjå til dømes punkt 4.2 i rundskriv T-5/97

² Tilgjengeleg på www.retsdata.no

"En tillatelse til fradeling på vilkår av at det foreligger uttalelse fra geoteknisk sakkyndig for oppmåling kan finne sted, innebærer ikke en avklaring av de sikkerhetshensyn som bestemmelsen skal ivareta. Når det, som i dette tilfellet, er grunn til å tro at et område er utsatt for naturbetinget fare, må kommunen etter departementets mening påse at det er innhentet fagkyndige uttalelser om faren før fradeling av en boligtomt tillates.

Det er viktige sikkerhetshensyn som ligger bak forutsetningene for deling etter § 68, og som ikke er oppfylt i dette tilfellet. Det følger av kommunens vedtak at det er gitt delingstillatelse i et område hvor det er fare for at det ikke er tilstrekkelig stabilitet i forhold til rasfarlig grunn. Departementet mener at de materielle krav som stilles i § 68 ikke er oppfylt i dette tilfellet, og at vedtaket på denne bakgrunn må anses ugyldig." (vår understreking)

2.6 Plan- og bygningslova § 28-1 er ikkje til hinder for framleis bruk som er lovleg

Slik vi les kommunen sitt brev, kan det sjå ut som om kommunen trur at byggteknisk forskrift får tilbakeverkande kraft ved søknad om fradeling av tomt omkring eit eksisterande, lovleg bygg.

Departementet vil understreke at plan- og bygningslova ikkje er til hinder for at lovleg bruk held fram. Dette gjeld sjølv for bygg eller verksemd som ligg i eit skredfarleg område³. Kommunen har såleis ikkje heimel i plan- og bygningslova til å krevje at bygg ikkje lenger kan bli nytta til sitt føremål eller at det må bli fjerna. Utan at det ligg føre søknad om tiltak, kan heller ikkje kommunen krevje at eigar av ein eksisterande bustad må setje i verk sikringstiltak.

Heller ikkje eigar har krav på at kommunen set i verk tiltak for å sikre eksisterande bygg, sjå LE-2011-190892:

"Når det konstateres rasfare etter at en eiendom er bebygd, vil det være grunneiers ansvar å iverksette og bekoste nødvendige sikringstiltak. Kommunen har ikke noe ansvar etter naturskadeloven for å gjennomføre slike tiltak. Naturskadeloven er ingen rettighetslov i den forstand at den gir rettssubjekter rettskrav på kontantytelser eller tilskudd til sikringstiltak fra kommunen. Dersom kommunen velger å gjennomføre sikringstiltak, kan kommunen etter naturskadeloven § 24 kreve refundert fra berørte grunneiere den verdiøkning tiltaket har tilført deres eiendommer. Kommunen kan også nedlegge bruksforbud inntil grunneier har gjennomført nødvendige sikringstiltak." (vår understreking)

Har kommunen fått ny kunnskap om at det ligg føre fare for skred eller flaum i eit område, kan det derimot vere at kommunen må vurdere om det er naudsynt med byggje- og deleforbod, jf. pbl. § 28-1 annet ledd. Dette er noko kommunen kan gjere uavhengig av om dei har motteke søknad om løyve.

For å summere opp:

Utan at det ligg føre søknad om tiltak er det ikkje heimel i plan- og bygningslova til å stille nye og strengare krav til eksisterande bustad. Plan- og bygningslova § 28-1 fyrste ledd gjeld

³ Sjå til dømes Rt-2015-257 avsnitt 31

derimot ved nye tiltak, mellom anna frådelling, som er tilfellet i denne saka. Departementet vil understreke at det berre er i høve til sjølve søknaden om frådelling at kommunen må vurdere pbl. § 28-1 fyrste ledd jf. pbl. § 26-1.

Er det i tillegg naudsynt med bruksendring av bustaden som står på tomta, til dømes frå kårbustad til vanleg bustad, vil pbl. § 28-1 fyrste ledd gjelde, jf. pbl. § 31-2. Vi syner til rundskriv T-5/97 punkt 4.2:

"Ved bruksendring vil tiltaket måtte vurderes i forhold til § 68 og TEK § 7-3. Skal f.eks. et lagerbygg ominnredes som produksjonshall, må bygningsmyndigheten vurdere om den nye bruken kan tillates, sett hen til at man vil få en mer permanent tilstedeværelse av mennesker i bygningen. Dersom kravene ikke kan oppfylles må søknaden avslås."

3. ER DET MOGLEG Å TOLKE PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 28-1 FYRSTE LEDD SLIK AT DET GJELD EIT UNNTAK FOR FRÅDELING AV TOMT MED EKSISTERENDA BYGGVERK?

3.1 Kan kommunen uavhengig av pbl. § 28-1 fyrste ledd gje løyve til frådelling av tomt omkring bestående bustad?

Vi forstår kommunen slik at dei meiner at pbl. § 28-1 fyrste ledd ikkje er til hinder for frådelling av tomt omkring eksisterande bustad. Kommunen si grunngjeving for dette går fram av side 2 i brevet:

"Når det gjeld frådelling av tomt omkring eksisterande bustadhus, har kommunen lagt til grunn at ein ikkje legg til rette for ny utbygging ut over det som allereie vil gjelde for bygget. Tilbygg o.s.v må tilfredsstille gjeldande tryggleikskrav anten eigedomen vert frådelt eller ikkje. Frådelinga stadfestar såleis eksisterande situasjon, der bygget må oppfattast som lovleg oppført i samsvar med dei krav som gjaldt på tidspunktet for bygging."

Ved frådelling av tomter som skal byggjast på, legg derimot kommunen til grunn at pbl. § 28-1 fyrste ledd gjeld fullt ut.

3.1.1 Det er ikkje avgjerande ved frådelling om det er aktuelt eller ikkje med ny utbygging

Kommunen meiner at frådelling ikkje legg til rette for ny utbygging. Departementet vil peike på at det avgjerande ved frådelling av tomt er kva arealet er eigna for, sjå Ot. prp. nr. 56 (1984-85) side 53:

"Dersom fradelingen gjelder areal som mest naturlig fremstår som byggetomt, er det dette som må legges til grunn, selv om det på nåværende tidspunkt ikke er aktuelt å bebygge arealet."

Er arealet eigna for tiltak som ikkje er lovleg etter plan, skal kommunen avslå søknaden sjølv om det på tidspunkt for søknad om frådelling ikkje ligg føre planar om tiltak. Alternativt må kommunen gje dispensasjon. Departementet gjer merksam på at omgrepet "bebygges" i pbl. § 28-1 fyrste ledd famner vidare enn det å byggje nye bustader, sjå punkt 3.1 ovanfor. Å føre opp til dømes eit nytt tilbygg er såleis omfatta av omgrepet "bebygges" i pbl. § 28-1 fyrste ledd. Vi syner óg til punkt 2.4 ovanfor.

Uavhengig av dette vil eit argument om at det ikkje skal byggjast på arealet som skal frådelast, ikkje vere avgjerande så lenge frådelinga skjer til eit anna føremål enn det som er lovleg etter planen, jf. pbl. §§ 11-6 andre ledd og 12-4 andre ledd⁴.

3.1.2 *Det er ikkje eit generelt unntak etter plan- og bygningslova § 28-1 for frådeling av tomt omkring eksisterande bustad*

Etter pbl. § 28-1 fyrste ledd er det ikkje høve til å opprette (frådele) eller endre eigedom i område der det ikkje ligg føre tilstrekkeleg tryggleik mot fare som følgje av natur- eller miljøtilhøve. Tiltakshavar må ved søknad om løyve til frådeling dokumentere at det ikkje ligg føre fare, til dømes gjennom ROS-analyse eller geoteknisk undersøking, eller at faren kan motverkast gjennom sikringstiltak, sjå punkt 2.5 ovanfor.

Som kommunen sjølv har påpeika i brevet så er det ikkje fastsett spesifikke krav til frådeling i TEK10 kapittel 7. Det er då utgangspunktet i pbl. § 28-1 fyrste ledd som gjeld. Etter ordlyden i pbl. § 28-1 fyrste ledd og føresegna, er det etter vår vurdering ikkje heimel til å innfortolke at det gjeld eit generelt unntak for frådeling av tomt omkring eksisterande bustad, sjå punkt 3.1.1 ovanfor.

Departementet kan sjå at forståinga av regelverket som vi legg til grunn vil bli oppfatta som streng av kommuner. Vi vil få peike på at pbl. § 28-1 er streng og den er meint å bli håndheva strengt, serleg av omsyn til tryggleik.

3.2 Kva er relevant å leggje vekt på etter pbl. § 28-1 fyrste ledd ?

Kommunen meiner at frådeling fyrst og fremst vil leggje til rette for sal av eigedom, og at eigedomstilhøva er privatrettslege tilhøve som ikkje verkar inn på tryggleiksspørsmålet. Ut frå ei vurdering av tryggleiken, meiner kommunen at det vil vere uvesentleg om dei som bur i eit hus t.d. er knytt til eit gardsbruk, eller er knytt til ein sjølvstendig eigedom. Kommunen meiner såleis at det er urimeleg at det gjennom handsaming av søknader om frådeling skal vere eit mål å hindre elles lovleg sal av slike eigedomar.

3.2.1 *Verditap eller fare for at eigedom ikkje kan bli selt, er ikkje relevante moment etter pbl. § 28-1*

Noko forenkla forklart er det etter pbl. § 28-1 fyrste ledd to spørsmål kommunen må vurdere i samband med søknad om løyve:

- 1) Ligg det føre fare som er omfatta av pbl. § 28-1 fyrste ledd ? Er svaret ja, så er neste spørsmål
- 2) Er det er mogleg å oppnå tilstrekkeleg tryggleik gjennom sikringstiltak? Er svaret ja, kan kommunen gje løyve med vilkår om at tiltakshavar gjennomfører sikring. Er svaret nei, så følgjer det av pbl. § 28-1 fyrste ledd at kommunen ikkje har adgang til å gje løyve.

Omsynet til mogleg verditap eller fare for at ein eigedom ikkje kan bli selt, er ikkje relevant ved vurderinga av om det ligg føre tilstrekkelig tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe etter

⁴ Sjå side 362 i Plan- og bygningsrett (2. utg) av Pedersen, Sandvik m.fl.

pbl. § 28-1 første ledd. Det er derimot eit omsyn som kan vere relevant ved søknad om dispensasjon.

3.2.2 Økonomiske omsyn kan vere relevant ved dispensasjon

Økonomiske omsyn vil kunne inngå som eit av fleire moment i vurderinga av dispensasjon etter pbl. § 19-2. Vi vil likevel få peike på at det ikkje vil vere tilstrekkeleg kun å vurdere omsynet til mogleg sal/ikkje sal eller mogleg verditap for den som har søkt om løyve til frådeling. Løyve til frådeling i eit område som er skredutsatt kan óg få store økonomiske følgjer for eventuell framtidig eigar og for samfunnet elles. Vi vil illustrere dette nærare med eit eksempel:

- Kommunen er kjend med at ligg føre fare for skred/flaum. På tross av dette gjev kommunen løyve til frådeling omkring eksisterande bygg. Det går så eit skred eller kjem ein flaum. Bustaden får skade slik at det vil vere naudsynt med vesentleg reparasjon/hovudombygging. Dette er eit tiltak som vil vere i strid med pbl. § 28-1 første ledd med mindre tiltakshavar kan dokumentere at det ligg føre tilstrekkeleg tryggleik mot fare. Kan ikkje tiltakshavar dokumentere dette eller at det er mogleg å oppnå tilstrekkeleg tryggleik gjennom naudsynte sikringstiltak, er kommunen forplikta til å avslå søknaden, jf. pbl. § 28-1 første ledd. Kommunen må óg vurdere om det er naudsynt å leggje ned byggje- og deleforbod, jf. § 28-1 annet ledd.

Om skaden på bustaden er over 60 % vil eigar etter naturskadeforsikringslova kunne få dekkja kostnadene for å byggje opp bustaden sin ein annan stad. Eigar får derimot ikkje dekkja kostnadene for ny tomt. Eigar står då att med eit relativt betydeleg økonomisk tap. Vi berre nemner at i RG-2006-107 blei ein kommune gitt skadebotansvar for løyve til frådeling i eit skredutsatt område.

3.2.3 Departementet kan ikkje tilrå dispensasjon frå plan- og bygningslova § 28-1

Det er mogleg for kommunen å gje dispensasjon frå pbl. § 28-1 og TEK10 § 7-3, jf. § 19-2. Departementet vil ikkje tilrå dispensasjon. Etter vår vurdering er det svært tvilsamt om det vil vere fagleg forsvarleg å dispensere frå krava i og med at dette vil kunne auke faren for tap av/skade på menneskeliv eller skade på eigedom. Omsynet til sal og mogleg verditap vil i høve til tryggleik vere av underordna betydning.

Vi syner til dom i Frostating lagmannsrett (LF-2014-203745). Ørskog kommune måtte betale skadebot som følgje av at dei ga dispensasjon og byggjeløyve i eit område som kommunen var klar over var registrert som faresone for oppskyljing ved skred med påfølgjande flodbølge frå Åkneset.

3.3 Unntak for frådeling av tomt omkring eksisterande bustad vil krevje endring av regelverket

Etter vår vurdering vil den forståinga som kommunen legg til grunn for frådeling av tomt omkring eksisterande bustad i skredfarleg område, krevje endring av regelverket.

Det er viktig for departementet å leggje til rette for ei fornuftig og ikkje minst forsvarleg utvikling av område. Det er imidlertid naudsynt at dette skjer på rett måte. I 2009 endra vi byggteknisk forskrift slik at det, under svært strenge føresetnader, blei opna for å tillate bygging i område med fare for skred med påfølgjande flodbølgje, jf. TEK10 § 7-3 jf. pbl. § 28-1 tredje ledd. Vi har óg nyleg hatt på høyring forslag til mindre endringar i byggteknisk forskrift som vil kunne opne for einskilde mindre tiltak i fareområde, jf. pbl. § 31-2 fjerde ledd. Felles for desse endringane er at dei blei til etter grundige avveiningar og i tråd med formelle prosessar.

For å kunne endre regelverket for å opne for frådeling av tomt omkring eksisterande bustad, er det naudsynt med ein forsvarleg prosess. Til dømes må vi sjå nærare på heimelsgrunnlaget og kva konsekvensane av ei eventuell endring vil vere, medrekna om ei slik endring vil vere forsvarleg og kva dei økonomiske konsekvensane vil vere. Ikkje minst vil det vere naudsynt å fastleggje kva for føresetnader som eventuelt skal gjelde for å kunne frådele omkring eksisterande bustad. Vi vil ta med oss problemstillinga som kommunen tek opp i samband med framtidig revisjon av regelverket.

Med helsing

Ole Molnes (e.f.)
avdelingsdirektør

Else-Karin Øvernes
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur

Kopi til:

Direktoratet for byggkvalitet

Postboks 8742
Youngstorget

0028 OSLO

Fylkesmannen i Møre og
Romsdal

Fylkeshuset

6404 MOLDE



VOLDA KOMMUNE
Stormyra 2
6100 VOLDA

Volda kommune

Deling av gnr 97 bnr2 - tilleggsareal til gnr97 bnr8 Dispensasjon frå kommunedelplan

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Kommunen skriv at området ikkje er utsett for skred eller flaum. Vi ser at omsøkt tomt ligg innanfor NVE sitt aktsemdskart for jord- og flaumskred. Tomta ligg derfor i eit potensielt skredfarleg område, og den reelle skredfaren må avklarast. Vi minner om at plan- og bygningslova § 28-1 seier at det berre kan byggjast på grunn, eller eigedom opprettast eller endrast, dersom det er tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold (vår understreking). For grunn som ikkje er tilstrekkeleg trygg, skal kommunen om naudsynt legge ned forbod mot oppretting eller endring av eigedom, eller stille krav som sikrar tilstrekkeleg tryggleik.

Før kommunen eventuelt gjer eit positivt vedtak om dispensasjon må det dokumenterast at området fyller krava til tryggleik mot skred, jf. byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3. Om naudsynt må dispensasjonen inkludere avbøtande tiltak som gjer tomta trygg. Dersom dette ikkje blir gjort vil vi vurdere å klage på eit eventuelt positivt vedtak om dispensasjon.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
ass. miljøverndirektør

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlarar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi

Norges vassdrags- og energidirektorat Region Vest	Naustdalsvegen 1b	6800	FØRDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE

Fra: synnove.valle@mrfylke.no[synnove.valle@mrfylke.no]

Sendt: 07.08.2018 08:43:16

Til: Postmottak Volda

Kopi: fmmrpostmottak@fylkesmannen.no

Tittel: Volda kommune - frådeling av eigedom gbnr 97/2 Straumshamn - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen særskilte merknader.

Med helsing

Synnøve Valle

Rådgivar

Plan- og analyseavdelinga

Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf. 71 28 02 39 / 91 18 38 66



VOLDA KOMMUNE

Stormyra 2
6100 VOLDA

Saksnr	Løpenr.	Arkiv	Saksansvarleg	Dato
2018/2124	11004/2018	1519/97/2	SKAARA	08.08.2018

1519 GNR/BNR 97/2 - SØKNAD OM DELING AV LANDBRUKSEIGEDOM, SJUR ODDVAR STRAUME

Saka gjeld handsaming etter jordlova.
ePhorte saksnummer i Volda: 2018/983
ePhorte saksnummer i Ørsta: 2018/2124

Tilråding til vedtak:

Frådeling etter jordlova § 12, vedtak:

Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 08.05.2018, frå Sjur Straume, eigar av gnr 97 bnr 2. Det vert søkt om frådeling av 500 m² som skal leggjast til gnr 97 bnr 8.

Med heimel i jordlova § 12 gir Forvaltningsutvalet løyve til frådeling av 500 m² slik det er søkt om. Grunngevinga er at delinga ikkje vil vere til ulempe for drift av hovudbruket.

Saksvedlegg:

1. Oversendingsbrev, Volda kommune, dagsett 29.06.18.
2. Søknaden med skjema, brevvedlegg og kartvedlegg, Eldrid Straume for Sjur Straume, 08.05.18.

Samandrag av saka:

Det vert søkt om frådelling av areal frå gnr 97 bnr 2 som skal leggjast til eigedomen gnr 97 bnr 8.

Saksopplysningar:

Søknaden om deling er dagsett 08.05.2018. Volda kommune har motteke søknaden og vidaresender den for handsaming og på høyring, m.a. til landbrukskontoret Ørsta Volda.

Søknaden om deling gjeld eigedomen Straume gnr 97 bnr 2 som ligg på Straumshamn i Volda kommune. I 1929 vart det delt frå eit areal på 350 m² som vart bnr 8. På bnr 8 vart det oppført bustad og garasje. Desse bygningane ligg delvis inn på bnr 2. Det vert no søkt om å få utvida bnr 8 noko slik at bygningane ligg innanfor grensene.

I gardskartet utgjer eigedomen 97/2 totalt 376 daa fordelt på 12 teigar.

Fordeling i daa på ulike markslag:

Full-dyrka jord	Overflate-dyrka jord	Innmarks-beite	Skog særskilt høg bonitet	Skog høg bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	Uproduktiv skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Be-bygd	Ikkje klassifisert
7,7	0,6	6,9	0	171,5	53,4	30,2	77,9	0	5,4	21,7	0,4	0


Eigedomen har bustadhus, driftsbygning, garasje, hytter, naust og truleg sel.

Vi har ikkje kjennskap til korleis jordbruksareala vert drivne for tida.

Søknaden skal handsamast etter jordlova § 12.

Arealet ligg LNF-område sone B.

Kartutsnittet som Volda kommune har laga syner 97/8. Gul farge syner noverande 97/8. Grønt areal er areal ein vil dele frå 97/2 og leggje til 97/8. Delar av arealet i sør er registrert som beitemark og delar av arealet i nord er dyrka jord.



Som

Vurdering og konklusjon:

Det vert ei lita omdisponering av dyrka jord etter §9 i jordlova i tillegg til deling etter §12.

Ved handsaming etter jordlova § 9 (omdisponering) og §12 (deling) må ein syne til rundskriv: *M-1/2013 Omdisponering og deling*.

§12 Deling i jordlova lyder slik:

Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpaking, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige.

Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja. (etc.)

Det vert i tillegg synt til rundskriv M-1/2013 omdisponering og deling.

Då omdisponeringa berre gjeld 0,1 daa fråfell ein krav om eige løyve til omdisponeringa.

I saka må ein vurdere om det er forsvarleg å svekke bruket ved å dele frå desse areala. Jordlova har til føremål å leggje tilhøva til rette for at areal på landbrukseigedomar, kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og for dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein slik måte som gjev ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på busetnad, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå behovet til framtidige generasjonar.

Driftsgrunnlaget i høve jordlova § 12 er eigedomen sine ressursar i form av areal og bygningar som blir nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Forbod mot deling i §12 skal hindre at eit bruk vert oppstykkja eller på annan måte får redusert ressursgrunnlaget.

Ein har her ei eldre frådeling av bnr 8 å forhalde seg til, som ein no vil utvide. Bnr 8 er no berre 0,35 daa. Ein vil utvide til 0,85 daa. Areal ein vil dele frå er ikkje høgverdige areal, og ein vil her sjå nytten i å utvide bnr 8 som større enn ulempene for hovudbruket.

Det skal leggjast vekt på om deling vil medføre drifts- og/eller miljømessige ulemper i høve landbruk. Delinga vil her i mindre grad vere til ulempe ut frå brukseigenskapar og plassering. Etter det ein kan sjå vil deling her ha få ulemper for landbruksdrifta på hovudbruket.

Ein konkluderer med at ein her kan tilrå deling ut frå storleik og plassering i landskapet, slik at bnr 8 vert utvida jmf søknaden.

Av høyringsfråsegnene går det fram at rasfaren må utgreiast nærare. Ein føreset at dette vert teke stilling til i handsaminga etter PBL og ikkje i jordlovshandsaminga.

Med helsing

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Børild Skåra
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Statens vegvesen

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Per Heltne

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Per Norvald Walderhaug /
90288380

Vår referanse:
18/148581-3

Dykkar referanse:
2018/983

Vår dato:
08.08.2018

Rv. 651 – Dispensasjon frå kommuneplan for frådelling av eigedomen – gnr. 97 bnr. 2 – Volda kommune – Tilleggsareal

Vi viser til skriv datert 29.06.2018 vedrørende søknad om dispensasjon frå plankrav i gjeldande kommunedelplan for frådelling av tilleggsareal frå eigedomen 97/2 til eigedomen 97/8 i Volda kommune.

Bustadeigedomen 97/8 blei oppretta i 1929, er på 329m² og er bebygd. Både eksisterande bustadhus og tilhøyrande garasje står delvis på naboeigedomen 97/2. Nytt tilleggsareal på ca. 500m² blir fordelt på vest- og austside av 97/8.

Avstand frå bustadhus til vegmidte riksveg 651 er om lag 24m og blir ikkje endra.



Gul farge: Dagens tomt. Grønn farge: Tilleggsareal

Uttale.

Statens vegvesen har ut frå sitt sektoransvar ingen merknad til at det blir dispensert frå gjeldande kommuneplanens arealdel for omsøkt føremål.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Per Norvald Walderhaug

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Pål Are Vadstein

Arkivsak nr.: 2014/1745

Arkivkode: Q14

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/19	Forvaltningsutvalet	15.01.2019
6/19	Formannskapet Kommunestyret	22.01.2019

SLUTTFØRT PROSJEKT MED SLUTTRAPPORT, "UTBETRING BOTNAVEGEN"

Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret tek sluttrapport i prosjekt «Utbetring Botnavegen» til vitande.
2. Overskridingar i prosjektet vert finansiert av ubrukte lånemidlar frå prosjekt «Øyra skule». Dette ved å flytte kr 3 280 000 mellom prosjekta.

Vedlegg til saka:

- Sluttrapport for prosjekt «Utbetring Botnavegen», datert 10.12.2018.

Samandrag av saka:

Prosjekt «Utbetring Botnavegen» vart ferdigstilt og overteke av byggherre (Volda kommune) 12.07.2018. I samsvar med fristar for sluttoppgjer – fakturautsending, fakturagjennomgang og betaling, vart partane etter diverse korrigeringar av fakturagrunnlaget, samde om endeleg sluttoppgjer for prosjektet innan fristen 13.11.2018.

I etterkant av dette er det gjennomført evaluering av prosjekt, med fokus på økonomi, framdrift, HMS, kvalitet og kommunikasjon. I samband med dette er det utarbeidd ein sluttrapport, som dokumentasjon på korleis prosjektet har gått. Resultata i prosjektet er samanlikna opp i mot kva mål og forventningar som låg til grunn før oppstart. Her er vedtaksprotokollen frå Kommunestyremøte 30.03.2017 sentral, der løyvingar til prosjekt vart vedteke. Dei økonomiske resultata i ferdigstilt prosjekt er direkte samanlikna og evaluert opp i mot kalkyle og budsjett utarbeidd i saksframlegg frå nettopp dette vedtaket.

Sluttrapporten dokumenterer erfaringar som vil vere nyttige for andre framtidige prosjekt. Intern læring for organisasjonen er såleis eit viktig føremål med ei slik sluttevaluering. Ein må ta med seg både dei positive og negative erfaringane. Rapporten er såleis eit viktig verktøy for å auke intern kompetanse, og for å heve sluttprodukt i seinare prosjekt. I tillegg er det eit viktig dokument for å sikre at gjennomføring av eit prosjekt finansiert av fellesskapet sine midlar, vert ein open og tillitsfull prosess som synleggjer omfang og faktisk resultat. På den måten ivaretek ein viktige demokratiske prinsipp i kommunen.

Sluttrapporten kunne vore meir omfattande, men eg har medvit forsøkt å korte den ned. Dette fordi ein kortare rapport vil vere enklare å lese, forstå og bruke i vidare arbeid, både internt og eksternt. Då er det viktig å fram hovudlinjene utan å gå for detaljert til veks. Målet med rapporten er å gi lesaren eit oversiktleg bilete av prosjektgjennomføring og resultat.

Saksopplysningar/fakta:

I samsvar med vedlagt sluttrapport.

Vurdering og konklusjon:

Evaluering av prosjektet er samanfatta i sluttrapport for prosjekt. Den avdekkjer både gode og dårlege erfaringar i prosjekt. Dette er forhold som ein må bruke aktivt i vidare prosjektarbeid i organisasjonen.

Økonomiske konsekvensar:

Prosjektleiaren varsla om overskriding i prosjekt, til både formansskapet 13.03.2018 og til kommunestyret 22.03.2018. Dette medan det enno var mogleg å stoppe overskridingane. Det vart då vedteke å godkjenne naudsynte løyvingar for å fullføre prosjektet i samsvar med aktuell plan.

Som det går fram i sluttrapport, så viser byggerekneskapet eit negativt resultat i prosjektet, med ei overskriding på i underkant 3,3 MNOK. Dette vert å finansiere med ubrukne lånemidlar frå prosjekt «Øyra skule».

Til politisk vurdering:

Politiske utval tek sluttrapporten til vitande, og vurderer om overskridingane kan finansierast ved ledige lånemidlar på anna prosjekt.

Pål-Are Vadstein
Prosjektleiaren

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef



SLUTTRAPPORT

Dokumentdato: 10.12.2018
Utarbeidd av: Pål-Are Vadstein



PROSJEKTINFORMASJON		
Prosjekttittel: <i>Utbetring Botnavegen</i>	Saksnr.: <i>2014/1745</i>	Prosjektnr.: <i>701102</i>
Type prosjekt: <i>Vegbygging</i>	Byggherre: <i>Volda kommune</i>	Avdeling: <i>Kommunalteknisk</i>



1. INNLEIING


1.1 PROSJEKTINNHOLD

Utbetring av kommunal veg i Volda kommune. Omfattar generell heving av vegstandard, med bl.a. breiddeutviding, etablering av gangveg, nye veglys, oppgradering av VA-anlegg, masseutskifting, nye bruer m.m.

1.2 KONTRAKTER I PROSJEKT

Emne	Firma	Innkjøpsform	Kontrakt
PROSJEKTERING	Per Mulvik AS	Avgrensa anbodskonkurranse	NS 8401
UTFØRING	K A Aurstad AS	Open anbodskonkurranse	NS 8406

1.3 ORGANISASJONSKART





2 ØKONOMISK RESULTAT

2.1 GODKJENDE LØYVINGAR

Utklipp frå politisk vedtak 30.03.2017

Melding om politisk vedtak:

Arkivsak nr. 2014/1745 Løpenr. 4533/2017 Arkivkode Q14 Avd/Sakshandsamar SVK/ SONHAV Dato 31.03.2017

MELDING OM POLITISK VEDTAK - VALG AV OPSJONAR FOR BOTNAVEGEN FØR KONTRAKT MED ENTREPRENØR

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 30.03.2017, hadde føre ovannemnde som sak PS 32/17, der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kommunestyret syner til ny utlysing av anlegget for Botnavegen inkl veg til ridebaneanlegget. Kommunestyret godkjenner gjennomføring av anlegget innanfor ei kostnadsramme på kr 22 949 000 inkl mva. Dette inneber ein litt forenkla opprusting av strekninga Storelva – Botnasanden i samsvar med opsjon 4.*

Av dette er Kr 6.745.000,- inkludert mva utgift, løyvd tidlegare

Tillegsløyvinga på Kr 16.204.000,- vert finansiert slik

Låneopptak kr 13.213.000,- (innanfor låneramma i 2017 budsjettet)

Momskompensasjon kr 2.990.000,-

2. *Gjennomføring etter punkt 1 inneber ein kostnadsreduksjon på kr 2 579 000 i høve til kostnadskalkylen i K-sak 110/16 frå 29.09.16.*

Utdrag frå kostnadskalkyle i same saksdokument (desse tala er brukt i byggerekneskap i kap. 2.2):

Tabell nedanfor er ei samanstilling av pr. tid kalkulerte totale kostnader til prosjektet. Prosjekt: BOTNAVEGEN			
Delkostnader	Kostnader		
	Eks. mva.	Mva.	Tot.
Innleigde prosjekteringstenester	600 000,-	150 000,-	750 000,-
Hovuddel Botnavegen inkl veg til ridebane	13 039 488,-	3 259 872,-	16 299 360,-
Opsjon 4	1 686 450,-	421 613,-	2 108 063,-
Grunnerverv (ikkje mva. på grunnkjøp)	1 250 000,-	0,-	1 250 000,-
Interne administrative kostnader	900 000,-	225 000,-	1 125 000,-
Uføresette kostnader	1 000 000,-	250 000,-	1 250 000,-
SUM	18 475 938,-	4 306 484,-	22 782 422,-
Hittil finansiert			6 745 000,-
Manglande finansiering			16 037 422,-



2.2 KOSTNADSUTVIKLING

BYGGEREKNESKAP		Utarbeidd av: Pål-Are Vadstein				Dato: 10.12.2018	
PROSJEKT: UTBETRING BOTNAVEGEN							
Rekna frå oppstart av førebuing og utarbeiding av grunnlag til prosjektering, 01.01.2016.							
Konto		KALKYLE I KS-VEDTAK 31.03.2017 GODKJEND BUDSJETT		KONTRAKT		FAKTISK KOSTNAD	
		Eks. mva.	Inkl. mva.	Eks. mva.	Inkl. mva.	Eks. mva.	Inkl. mva.
02700	PROSJEKTERING						
	Per Mulvik AS						
02700	Detaljprosjektering						
02700	Landmåling						
02700	Grunnlag til grunnnerverv						
	SUM PROSJEKTERING	600 000,00	750 000,00	311 000,00	388 750,00	614 475,00	768 093,75
	UTFØRING ETTER KONTRAKT						
	K A Aurstad AS						
02300	Hovuddel (A1-A17)	13 039 488,00	16 299 360,00	13 009 249,00	16 261 561,25	14 343 889,07	17 929 861,34
02300	Opsjon	1 686 450,00	2 108 062,50	1 707 420,00	2 134 275,00	2 750 000,00	3 437 500,00
	SUM UTFØRING ETTER KONTRAKT	14 725 938,00	18 407 422,50	14 716 669,00	18 395 836,25	17 093 889,07	21 367 361,34
	GRUNNERVERV (NB! MVA-FRITT)						
02800	Kjøp av grunn (ved 100 % utbetaling)					680 629,00	680 629,00
02800	Sakskostnadsoppgåve (Hove & Co Advokater)					204 298,75	204 298,75
02800	Rettsgebyr fakturert frå Judicia					54 823,00	54 823,00
02800	Tilbakebetaling til grunneigar for taksering					21 250,00	21 250,00
	SUM GRUNNERVERV	1 250 000,00	1 250 000,00			961 000,75	961 000,75
	UFØRESETT						
	K A Aurstad AS						
02300	T-notaer (T1-T38)					4 035 006,42	5 043 758,03
02300	Opsjon er ført ovanfor (fråtrekk T8, T9, T10)					-2 750 000,00	-3 437 500,00
02300	Fråtrekk kreditnotaer (T14, T17, T27, T33)					-244 005,00	-305 006,25
02700	Fråtrekk T-nota 12					-63 000,00	-78 750,00
	SGC AS						
02700	Grunnundersøkingar, mistanke om forureining					100 364,00	125 455,00
	SUM UFØRESETT	1 000 000,00	1 250 000,00			1 078 365,42	1 347 956,78
	INTERNE ADMINISTRASTIVE KOSTNADER						
	Volda kommune						
02300	Byggherrekostnader (mva-kode 0)					1 008 764,69	1 008 764,69
03509	Kjøp av tenester frå VK (mva-kode 0)					85 047,28	85 047,28
	Judicia AS						
02800	Kommuneadvokat, sak forhandlingar					121 059,00	151 323,75
02700	Juridisk i samband med grunnnerv					31 486,50	39 358,13
	Føyen Torkildsen AS						
02700	Juridisk, innkjøp og kontrakt					80 050,00	100 062,50
	SUM INTERNE ADM. KOSTNADER	900 000,00	1 125 000,00			1 326 407,47	1 384 556,35
	ANDRE FØRINGAR I REKNESKAP						
01950	Byggesakshandsaming (mva-kode 0)					8 200,00	8 200,00
02700	Konsulenttenester					34 432,50	43 040,63
01200	Diverse forbruksmateriell, råvarer og tenester					49 649,64	62 062,05
02500	Material til vedlikehald og nybygg					579,60	724,50
02300	Mellombels veglys (BKK Enotek AS)					7 132,50	8 915,63
06500	Tilbakebetaling frå Mørenett AS					-151 200,00	-189 000,00
06500	Tilbakebetaling for felling av tre					-6 000,00	-7 500,00
02700	Taksering, Ose Ingeniørkontor AS					3 500,00	4 375,00
01150	Matvarer (mva-kode 0)					2 241,50	2 241,50
	SUM ANDRE FØRINGAR	0,00	0,00			-51 464,26	-66 940,70
	ATTSTÅANDE KALKULERTE KOSTNADER PÅ PROSJEKT						
02300	Behov for ny grøft ved ridebana					50 000,00	62 500,00
02300	Asfalt					10 000,00	12 500,00
02300	Behov for autovern					60 000,00	75 000,00
	Delesøknad og oppm.forretning (mva-kode 0)					150 000,00	150 000,00
	SUM ATTSTÅANDE KOSTNADER	0,00	0,00			270 000,00	300 000,00
TOTALSUM PROSJEKT		18 475 938,00	22 782 422,50			21 292 673,45	26 062 028,26



2.3 HOVUDTAL

Alle tal som er lagt til grunn i denne rapporten strekkjer seg frå perioden frå 01.01.2016 og fram til komplett ferdig utført prosjekt.

Det vil kome nokre kostnader no i etterkant av sluttrapporten, som vil verte ført på prosjekt. Desse er stilt opp under «ATTSTÅANDE KALKULERTE KOSTNADER PÅ PROSJEKT» i byggerekneskapet ovanfor. Kostnader for desse postane veit ein ikkje eksakt før etter at det er utført, men dei vil vere i området rundt tala opplyst i tabellen. *Desse kostnadane er difor også lagt inn som grunnlag for berekning av resultat.*

Når ein legg alle samla føringar til grunn får ein fram hovudtala vist i tabell under:

	Eks. mva.	Inkl. mva.
Godkjend budsjett i Kommunestyrevedtak 30.03.2017	18 475 938,00	22 782 422,50
Faktiske kostnader i samla realisert prosjekt	21 292 673,45	26 062 028,26
Økonomisk avvik/slutresultat samla prosjekt	-2 816 735,45	-3 279 605,76

2.4 ØKONOMISK RESULTAT

Nøkkeltala i kap. 2.3 viser eit negativt resultat med ei overskriding i samla prosjekt på kr 3 279 606,- inkl. mva.

Avrunda tilsvarer dette 14,4 % meirkostnad/overforbruk i høve løyvingar i godkjend budsjett og kalkyle etter Kommunestyre-vedtak 30.03.2017.

2.4 GRUNNGIVING AV RESULTAT

Tabellen i kap. 2.2 gjer greie for kva budsjettpostar overskridingane er fordelt på, og kva type arbeid/tenester/postar som har generert desse tilleggskostnadane.

Hovudgrunnar til overskridingar

- Endring av opsjon:
 - Grundigare utbetring av vegstrekket mellom Storelva og Botnasanden enn det som var lagt til grunn i kontrakt. Dette vart gjort greie for i Formannskapet og i Kommunestyret undervegs i anleggsfasen, og det vart då teke eit val om å ta denne ekstrakostnaden, jmf. politisk vedtak Kommunestyremøte 22.03.2018.
- Diverse tenester til grunnerverv:
 - Sjølv om sjølv grunnkjøpet vart rimelegare enn budsjettert, så genererte denne prosessen større interne kostnader, juridisk kostnader og dessutan utgifter til tenester innan kartutarbeiding/landmåling. Dette var kostnader som var vanskeleg å berekne på førehand. Særskild mtp. at prosjektleiar var nyttilsett under budsjettering vinteren 2016, og då ikkje hadde erfaring med grunnerverv og omfanget av slike prosessar.
 - Kostnader med delesøknad og oppmålingsforretning var ikkje teke høgde for i budsjettsamanheng.
- Mistanke om forureina grunn:
 - Under arbeid med ridebane-vegen vart det avdekt forhold som utløyste mistanke om forureining. Grunnundersøkingar og avbøtande tiltak knytt til dette påførte prosjektet ekstrakostnader.
- Lokale tilpassingar på anleggsplass i utføringsfasen:
 - Behov for meir areal natursteinsmur.
 - Endringar på bruer m.m.
 - Meir vegduk, asfalt, rør og anna materiell.
 - Diverse meir-tiltak på røyvde eigedomar, slik som utlegging av skråningar, gjerder, tilpassing av avkøyrslar m.m.



3. FRAMDRIFT

3.1 PROSJEKTRESULTAT FRAMDRIFT

Milepælar	Ferdigstilt dato	Kommentar
Reguleringsplan godkjend	22.05.2014	Godkjend i Kommunestyret.
Kontraktsinngåing prosjektering	27.04.2016	Kontrakt med Per Mulvik AS om detaljprosjektering.
Budsjettgodkjenning	30.03.2017	Godkjend i Kommunestyret.
Kontraktsinngåing entreprise	25.04.2017	Kontrakt med K A Aurstad AS.
Anleggsstart	15.05.2017	
Overtakingsforretning	12.07.2018	Offisiell opningsfest 29.09.2018.
Oppmålingsforretning	Gjenstår	Skjer våren 2019. VK vert då formell eigar av nytt vegareal.
Sluttoppgjer grunnnerv	Gjenstår	Resterande. 20 % av erstatningssum vert utbetalt etter oppmålingsforretning.

3.2 KONTRAKTSRESULTAT FRAMDRIFT

Kontrakter	Kontraktfesta ferdigstillingsdato	Faktisk ferdigstillingsdato
Prosjektering: Per Mulvik AS	29.06.2016	08.07.2016
Utføring: K A Aurstad AS	31.05.2018	12.07.2018

3.3 VURDERING FRAMDRIFT

God framdrift på prosjektering. Mulvik sitt engasjement vart utvida og forlenga etter ferdigstilling av kontraktsarbeid. Bl.a. arbeid med underlag til grunnnerv.

Når det gjeld utføring, så vart entreprenør tillagt meir arbeid utover kontrakt, og ein naturleg konsekvens var utvida frist for ferdigstilling. Anlegget vart drive framover kontinuerleg utan opphald.



4 HMS

4.1 TILTAK

- Aktiv bruk av SHA-plan (plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø) utarbeidd av byggherre.
- Eigen HMS-plan utarbeidd av entreprenør og rutiner for å følgje opp denne.
- Vernerunder kvar 14. dag.
- Dagleg oppfølging på byggeplass av entreprenørs formann.
- Dagleg oppfølging på byggeplass av byggherres prosjektleiar.
- Fokus på HMS i alle byggemøter.
- Informasjon til publikum ved utsending av brev, i tillegg til publikasjonar på heimeside og i lokalavis.
- Skulebesøk for å informere elevar i området om arbeidet.

4.2 DIVERSE HENDINGAR

Nr.	Utdrag av enkelte hendingar henta frå entreprenøren sitt eige RUH-system:
RUH-1	Lastebil køyrde seg fast.
RUH-2	Funn av avfall i grunnen.
RUH-4	Personar kom inn på areal meint kun for anleggsdrift.
RUH-7	Lastebil måtte snu på privat avkøyrsløp.
RUH-8	Grøftekant som ga etter.
RUH-10	Nesten klemskade i samband med kum-løft.
RUH-11	Ustabil grøftekant.
RUH-12	Overlast på bil.
RUH-14	Kom bort i eksist. VA-anlegg ved graving av grop.
RUH-15	Fare for kollisjon med mjuke trafikkantar som ikkje brukar refleks.

4.3 VURDERING HMS

Byggherre erfarte at entreprenør hadde eit profesjonelt forhold til HMS, med eit velfungerande internkontroll-system. Det vart gjennomført vernerunder og SJAer (sikker-jobb-analyse). Det var også rutiner på RUH (rapport om uynska hending).

Ei særleg utfordring i dette prosjektet var at vegen var open for ålmenta, samstundes som der var anleggsarbeid. For å avvike dagleg trafikk medførte dette stadig stopp i arbeid for å flytte maskiner. Botnavegen er også ein mykje nytta turveg, og det var stendig mange mjuke trafikkantar å ta omsyn til. I vintersesongen med lite dagslys, var dette relativt krevjande. Entreprenør hadde refleksvestar for utdeling til mjuke trafikkantar, og det vart sett fokus på dette både ute på byggeplass, i informasjon gjennom lokalavis og endåtil på skular.

For det meste tilfredsstillande sikring av anleggsplass. I brakkerigg var naudsente HMS-dokument på plass. På generelt grunnlag har anleggsplassen stått fram som ryddig og oversiktleg. Entreprenør har hatt gode rutiner på personleg verneutstyr. Ev. HMS-merknader frå byggherre vart suksessivt teke tak i og lukka.



5 KVALITET

5.1 RUTINER FOR KVALITETSSIKRING AV SLUTTPRODUKT

Kontraktsarbeidet er gjennomført etter NS 3420, og arbeidet var såleis detaljert beskrive på førehand, i både omfang, metoder og utføring. Standarden inneheld krav til material og utføring. NS 3420 er eit godt verkemiddel for å ivareta kvaliteten på kontraktsarbeidet, så lengje den vert fylgt av entreprenør.

5.2 TILTAK

- Dagleg oppfølging på byggeplass av entreprenørs formann.
- Dagleg oppfølging på byggeplass av byggherre.
- Eigen post i mengdebeskriving, «Sluttdokumentasjon».
- Eigne postar for prøving, kontroll og klargjering av rør som er lagt ned.
- Byggemøte kvar 14. dag.
- Særmøter ved behov.
- Bruk av sjekklister.
- Endringar og bestillingar vart kommunisert skriftleg.
- Manglar, feil og avvik vart diskutert og lukka suksessivt, i tillegg til raske avklaringar og korte beslutningslinjer.
- Overtakingsprotokoll med oppfølging av mangelliste.

5.3 VURDERING AV KVALITET

Byggherre har fått eit veganlegg i samsvar med prosjektert tiltak. I all hovudsak er vegen realisert etter teikningar og anbudsbeskriving. Ved overtaking av anlegg vart det gjennomført overtakingsforrtening med grundig gjennomgang av kontraktsarbeidet. Ev. merknader på kvalitet vart ført i ei mangelliste. Alle saker i denne lista er venta å vere lukka innan utgangen av dette året.



6 SAMARBEID OG KOMMUNIKASJON

Volda kommune har hatt eit godt samarbeid med sine kontraktspartar. Det har også vore gode prosessar med grunneigarar, oppsitjarar og publikum elles. Nøkkelen til dette har vore ein open dialog med alle partar. Overfor røyvde grunneigarar og oppsitjarar har det vore særleg fokus på god informasjonsflyt om status prosjekt. I tillegg har ein vore påpasseleg med å varsle omkøyringar, vegstenging, nedstenging av vasstiltførsel osv.

Relevante prosjektdokument har undervegs vorte lagt ut på postlista, der ein finn dokument frå reguleringsplanprosessen, grunnnerverv, anbodskonkurransar, protokollar, møtereferat, vernerunder, brev og e-postar m.m.

Korrespondanse	Omfang
Tal dokument på postlista i denne saka	I overkant av 160 dokument.
Informasjon til grunneigarar og oppsitjarar	• 09.05.2016: Oppstartsmøte med grunneigarar • 12.05.2016: Informasjonsskriv nr.1 • 07.12.2017: Informasjonsskriv nr. 2 • 20.12.2017: Informasjonsskriv nr. 3 • 05.03.2018: Informasjonsskriv nr. 4 • 02.06.2018: Informasjonsskriv nr. 5. • Fleire enkeltmøter med grunneigarar gjennom heile prosjektet. • Utsending av fleire varsel-SMSar gjennom heile prosjektet.
Informasjonskanalar	• Brev og e-post. • Varsling 24. • Heimesida og facebook-sida til Volda kommune. • Møre.



7 EVALUERING AV PROSJEKTGJENNOMFØRINGA

Under er oppstilt relevante erfaringar i prosjektet som ein bør ta med vidare inn i framtidige tilsvarande prosjekt.

<i>Erfaringar</i>	
<i>Gode (+)</i>	<i>Dårlege (-)</i>
• Reguleringsplan var eit godt grunnlag å bygge arbeidet vidare på. • Grundig anbodsgrunnlag. • Varslingsrutiner og informasjon til publikum. • Oppfølging av entrepenør, grunneigarar og publikum. • Omfattande fotoarkiv av anlegget. • Godt samarbeid mellom alle aktørar. • Rutiner på endringar. • HMS på byggeplass. • Framdrift. • Ryddig prosess med grunnkjøp med grundig utarbeidd grunnlag til nytte for alle partane. • Korte beslutningsliner. • Raske avklaringar.	• Feil bruk av tildelingskriterium i anb.konk., som medførte krav om ny utlysing. • Kalkulerte for få ressursar avsett til prosessen med grunnerverv. Med heile 17 grunneigarar var dette ei omfattande sak i seg sjølv. • Skiltplan burde ideelt sett vore godkjend før anbudsutlysing. • For optimistiske berekningar av mengder i anbod. • Kontraktsstandarden NS 8406, som vart brukt i dette prosjektet er kanskje ikkje så gunstig for byggherre mtp. endringar. NS 8405 er nok meir føreseieleg for byggherre. • Detaljar på materialval, utføringsmetoder m.m. kunne dels vore spesifisert endå betre. • Post for klebing av asfalt var ikkje med. • Det burde vore gjennomført prøvegraving i ridebane-vegen før utlysing av anbod. • Lokale tiltak ved grunneigarar kunne vore spesifisert endå klarare. • Klarare toleransekrav og kvalitetskrav. • Kantstein vart støypt under for høg temperatur. • Kunne vore nyttig med gjennomført trafikkregistrering før oppstart av anleggsarbeid.